

➔ [Gå til opprinnelig kunngjort versjon](#)

## Forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn til offentlig avløpsnett, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Dato	FOR-2019-12-12-2164
Ikrafttredelse	01.01.2020
Endrer	FOR-2018-09-27-1551
Gjelder for	Ålesund kommune, Møre og Romsdal
Hjemmel	FOR-2004-06-01-931-§15a-4, LOV-1981-03-13-6
Kunngjort	09.01.2020 kl. 15.40
Korttittel	Forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn til offentlig avløpsnett, Ålesund

---

**Heimel:** Fastsett av Ålesund kommunestyre 12. desember 2019 med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 15A-4, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven).

### § 1. *Formål*

Formålet med denne forskrifta er å sikre at kommunalt avløpsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg ikkje skal få driftsproblem grunna påslepp av feitthaldig avløpsvatn. Forskrifta skal sikre at fett vert fjerna ved kjelda og ikkje vert tilført kommunalt avløpsnett.

### § 2. *Generelle føresegner*

Kommunen brukar rettleiaren «VA/Miljøblad nr. 121 Fettutskilleranlegg» som grunnlag for krav stilt etter denne forskrifta. Alle anlegg må etablerast og bli drifta i samsvar med «VA/Miljøblad nr. 121».

### § 3. *Krav om fettutskiljar*

Forskrifta gjeld for alle verksemder som har påslepp av feitthaldig avløpsvatn, der påsleppet er større enn eit gjennomsnittleg hushald. Alle verksemder som driv med matproduksjon og/eller servering av mat vil ha avløpsvatn som inneheld fett eller olje av animalsk eller vegetabilsk opphav og skal ha fettutskiljar. Kravet gjeld ved tilknytning til offentleg avløpsanlegg og omfattar både nyetableringar og eksisterande verksemder. Unntak frå kravet kan berre godkjennast i særskilte høve der det er svært enkel eller avgrensa drift.

Verksemnda er ansvarleg for at krava i denne forskrifta blir overhaldt. Dersom verksemnda ikkje overheld krava, kan eigaren av egedomen bli heldt ansvarleg.

#### **§ 4. Søknadsplikt**

Ny verksemd skal søke kommunen om løyve til påslepp av feithaldig avløpsvatn til kommunalt nett.

Søknadsplikta gjeld også for verksemder som har påsleppsløyve, når det skjer ei vesentlig auke av mengde feithaldig avløpsvatn eller av mengde feitt i avløpsvatnet som verksemda slepp inn på kommunalt nett.

Søknaden om løyve til påslepp skal innehalde informasjon om produksjonen ved verksemda, detaljert informasjon om reinseløysning med teikningar og dimensjonering, kart over verksemda, kvar reinseløysninga skal plasserast, samt kopi av avtale med firma for regelmessig tømning og vedlikehald av feittutskiljaren.

Søknad skal sendast inn elektronisk. Søknadsskjema fins på kommunen sine heimesider. Det utførande føretaket er ansvarleg for at feittutskiljar blir installert i samsvar til gjeldande krav.

#### **§ 5. Avløpsvatn som skal forast til feittutskiljar**

Bare feithaldig avløpsvatn av animalsk eller vegetabilsk opphav skal leiast inn i feittutskiljaren.

Følgjande skal ikkje leiast til feittutskiljar:

- Avløp frå WC og andre sanitærinstallasjonar, kjølevatn og overvatn.
- Oljehaldig avløpsvatn frå bilvaskeplassar, bilgarasjar, bilverkstadar etc.
- Større konsentrerte feittmengder som for eksempel frityrfeitt. Frityrfeitt skal samlast opp og leverast til godkjent mottak.
- Matrestar og andre større partiklar. Desse skal så langt det er mulig bli fjerna ved innløpsrister og eventuelt slamfang.

#### **§ 6. Dimensjonering og plassering**

Feittutskiljaren skal dimensjonerast og installerast i samsvar til gjeldande Norsk Standard, NS-EN 1825-1 og NS-EN 1825-2 og «VA/Miljøblad nr. 121 Feittutskilleranlegg».

Feittutskiljar må installerast slik at tømning kan skje på ein hygienisk måte, utan fare for forureining til kjøken/produksjonsområde.

#### **§ 7. Drift og vedlikehald**

Verksemda skal sørge for regelmessig tømning og reingjering av feittutskiljaren. Verksemda skal til ei kvar tid ha gyldig tømmeavtale, der tømmeintervall er satt. Tømmefrekvensen vil avhenge av utforminga til feittutskiljaren og tilført mengde avløpsvatn. Tømning må gjennomførast før feittlaget utgjør 15 % av volumet i tanken. Alarm bør bli installert. Ei tømmehyppighet på 3–12 gongar pr. år vil være normalt.

Utskilt feitt skal leverast til godkjent mottak.

Verksemda skal kunne dokumentere at krava i denne forskrifta blir overhaldd.

#### **§ 8. Varsling av akutte påslepp**

Verksemda skal varsle kommunen om det oppstår akutte påslepp av feitt til det offentlege avløpsnettet. Varsel må innehalde opplysningar om type feitt, mengde og kvar i verksemda utslippet har skjedd.

### **§ 9. Rapportering**

For alle verksemdar med påslepp av feitthaldig avløpsvatn skal alle kontroller, tømningar og temperaturmålingar rapporterast til kommunen digitalt. Dette skal gjerast av utførande verksemd via operatørportalen.

Dersom verksemda blir nedlagd, byter namn eller overdragast til ny eigar, skal verksemda melde dette til kommunen.

Kommunen kan krevje at det blir gjennomført temperaturlogging og/eller at det skal takast prøver for analyse av feittinnhald i avløpsvatnet frå verksemda.

### **§ 10. Sanksjonar**

Dersom føresegnene i denne forskrifta ikkje blir overhaldt eller vedtak i medhald av forskrifta ikkje blir gjennomført, kan kommunen gi tvangsmulkt i medhald av forurensningsforskriften § 41-6 og forurensningsloven § 73 (tvangsmulkt ved forhold i strid med lova). Dersom kommunen har gitt pålegg i etter forurensningslovens § 7 (plikt til å unngå forureining) og pålegget ikkje takast til rette, kan kommunen sørge for at tiltaka blir gjennomført i samsvar til § 74 i forurensningsloven.

### **§ 11. Klage**

Enkeltvedtak fatta med heimel i denne forskrifta, kan klagast på etter forvaltningsloven § 28, 2. ledd. Kommunens klagenemnd er klageinstans.

### **§ 12. Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2020. Frå same tidspunkt blir forskrift 27. september 2018 nr. 1551 om påslipp av fettholdig avløpsvann til offentlig avløpsnett, Ålesund kommune, Møre og Romsdal, oppheva.